



KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 05.07.2018  
Vår ref.: 2017/130-33  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.: 2017/246-9

## **Utbetaling spelemidlar 2018 Klatrepark ved Uskedalen skule, anlegg 60522 - Kvinnherad kommune**

Vi har motteke dykkar brev med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidlar 2018 til klatrepark ved Uskedalen skule.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Uskedal idrettslag fekk tildelt kr 300 000,- til klatrepark. Godkjent kostnadssum var på kr 1 005 448,-. Spelemidlar vert betalt ut med inntil 50% av prosjektet sin totalkostnad for nærmiljøanlegg, med ei øvre grense på kr 300 000,-.

Etter dette kan vi melde om at kr 300 000,- av løyvde spelemidlar 2018 vert overført til Kvinnherad kommune over bankkonto 3460 07 00083. Utbetaling vil skje i midten av august.

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Britt Karen Spjeld  
Leiar

Bjørg Larsen  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*